



# Hardanger Fjord Nytt

[www.hardangerfjord.com](http://www.hardangerfjord.com)

## Oppgang i Hardanger hittil i år!

Frå 2005 kjem Statistisk Sentralbyrå ut med meir detaljert statistikk, og har inkludert desse landa: Liechtenstein, Estland, Latvia, Litauen, Kypros, Malta, Slovenia, Ukraina, Russland, Brasil, Kina, Sør Korea og Sør Afrika.

Så tidleg i sesongen noterar vi svært få gjestar frå desse områda, men det vert interessant å fylgje utviklinga framover.

Statistikken for dei 2 fyrste månadene er klar og syner ein framgang på 1,4% i samanlikning med 2004. Hotella har ein tilbakegang på 2,8%. Her er det ein liten framgang på gjester frå Noreg, men stor reduksjon i utanlandske gjestedøgn. Tala er så små førebels, så nokon grunn til uro er det ikkje.

Vi ser at fleire hotell har hatt vinterstengt og difor går beleggsprosent på dei opne hotella opp, frå 23% til 25%. Losjomsetninga er ned med NOK 1,5 millionar for gjennomsnittleg rompris har falt dramatisk.

Hardanger låg i Noregstoppen i 2004 kva gjeld pris på hotellrom, og vi voner at dette talet ikkje vert så mykje lågare i år.

På hytte og campingsektoren noterar vi pluss på 16,5%. Norske overnattingar går fram med 9%, medan auken på utlandet er større. Det skyldast store tal frå Latvia, men også Storbritannia syner fin vekst.

## Reisemål Hardanger Fjord på tur med kronprinseparet

Reisemål Hardanger Fjord AS er invitert med HKH Kronprins Haakon og HKH Kronprinsesse Mette Marit til Warszawa 30.-31. juni. Kronprinsen vil tale på eit stort møte med næringslivet i Polen, og reiseliv vil verte sterkt fokusert. Det er avtalt individuelle møte med representantar frå tur-operatørar og reisebyrå.

Dette er ein oppfølging av våre 2 Hardangerlunsjar i Polen, og ein lekk i satsinga på den austuropeiske marknaden.



|                             |   |
|-----------------------------|---|
| Pressomtalar.....           | 2 |
| Messer og Workshop.....     | 3 |
| Populær Hardanger Guide.... | 4 |
| Eventyrveien.....           | 5 |
| Marknadsinformasjon.....    | 6 |
| Vi Menn i Hardanger.....    | 7 |

## Flott internasjonal presseomtale i 2004

Vi har no fått nokre av alle dei artiklane som vart skrivne om Hardanger i fjor. Tidlegare har vi sitert frå all presseomtale i Danmark.

Men den kanskje finaste reportasjen sto i det franske magasinet *Jardins Passion & Decoration*. Her kjem ein poetisk artikkel om våren i Hardanger med flotte bilete av blå himmel og fruktblomstring i vakker kontrast til snøkledd fjell i bakgrunnen. Annonseverdi berre for denne artikkelen er NOK 510.000!



*Vakantiemagazine* i Nederland hadde 2 siders reportasje frå Eventyrvegen, og dette magasinet vart distribuert på den største reiselivsmessa i landet, Vakantiebeurs.

*Daily Telegraph* i England sendte ei journalist med sin tenåringsson til Ulvik, og ho skriv at køyreturen frå Bergen gjennom Hardanger var "the loveliest drive of my life". Annonseverdien på desse sidene er NOK 330.000.

*Passport Magazine* er det største reiselivsmagasinet for homofile i USA. I ein artikkel på 8 sider inkludert framside skriv dei om Bergen og Hardangerfjorden. Annonseverdien NOK 391.000.

## Presseomtalar 2005

Presseomtalar frå Hardanger fortsetter også bra inn i dette året, og her kjem eit utvalg av førebels artiklar i 2005:

Som eit resultat av Hardanger-lunsjen i Oslo i januar, der m.a. journalist frå *Magasinet Hjemmet* var invitert, var det i Mars-utgåva av *Hjemmet* ein ½ sides reportasje om Hardanger.

Fokusen i artikkelen var at dronning Sonjas vitjar Hardanger to gonger i år for å opne Streif 2005 i april og Hardanger Musikkfest i mai.



Det tyske magasinet *Ihr Nordlandführer* spanderte 2 heilsider om Hardanger i sitt vårnummer. Dette magasinet er retta mot den tyske marknaden og dek for seg dei nordiske landa som turistdestinasjonar.

### Kva hender i Hardanger?

Kontakt oss informasjon om registrering, eller henvend dykk til ditt lokale turistkontor. Informer oss, og me distribuerer via vår reiselivsdatabase til mange portalar!

Og sjøvsagt også på:

[www.hardangerfjord.com](http://www.hardangerfjord.com)

## Generalforsamling 2005 !!

Hugs generalforsamlinga til Reismål Hardanger Fjord **9. mai** på Steinstø Fukt & Kakebu, Kvam. Vel møtt!

## Ferie For Alle messa i Herning

Reisemål Hardanger Fjord deltok aktivt under Nordens største publikumsmesse, Ferie For Alle, i slutten av februar. Der deltok me på den 50m<sup>2</sup> store standen til Fjord Line, ilag med andre aktørar frå Vestlandet. Totalt 55.000 personar var innom messa, og me hadde god distribusjon på både Hardanger Guide og brosjyrer frå "passive deltakarar" frå Hardanger. Representant for Reisemål Hardanger Fjord, Egil Johansen, delte ut gratis smaksprøvar med ekte Hardanger Sider til forbi-passerende, og dette var ein stor hit blant sidertørste danskar!



Den danske marknaden er svært potensiell for Vestlandet og Hardanger med gode transportsamband med Fjord Line og no med Color Line som har starta rute mellom Hirtshals - Stavanger - Bergen. Det bør heilt klart kunne hentast enda fleire danskar til regionen vår!

## Er internettsidene dine brukarvennlege nok ?

Resept på [www.bitreiseliv.no](http://www.bitreiseliv.no). Der finn du BIT Reiseliv Netttest, og du kan få ein full gjennomgang av nettstaden din for 2400,- (spesialpris for RBL medlemmer 1200,-).

## NTW 2005 i Tromsø

Hardanger regionen er no klare til å marknadsføra seg under årets viktigaste (i Noreg) møteplass for den nasjonale og internasjonale reiselivsbransjen. Her kjem over 300 turoperatørar frå heile verda som ønskjer informasjon om destinasjonar og produkt som kanskje kan resultera i å verta inkludert i deira turprogram.

Hardanger stiller som vanleg sterkt representert under denne workshoppen: Reisemål Hardanger Fjord, Best Western Kinsarvik Fjord Hotel, Destinasjon Eidfjord, FlatEarth, Hardangervidda Natursenter, NVIM Tyssedal og HSD stiller alle under felles Hardangerstand. I tillegg stiller Rica Hotel Brakanes, Euro Strandebarm Hotel og Hotel Ullensvang (The Prominent Hotels of the Fjords) ilag med sine respektive hotellkjeder.

Under NTW i Tromsø vil Reisemål Hardanger Fjord presentera Produkt Manual 2006 med oversikt og prisar frå alle våre avtalepartnarar. Me vil også dele ut brosjyrer frå dei verksemdene som deltek med "passiv brosjyredistribusjon", og me minner på at det framleis er mogeleg å melde seg "passivt" på NTW gjennom oss. Ta kontakt om dette er noko for deg.

## Er verksemda di å finna på Internett?

Delta i eit nasjonalt og regionalt heilheitleg Internettmiljø, der reiselystne finn dykk !  
Prisar frå NOK 2700 per år - inkludert høg eksponering, og målbare resultat.

De vert synlege på bla. [www.hardangerfjord.com](http://www.hardangerfjord.com), [www.fjordnorway.com](http://www.fjordnorway.com), [www.visitnorway.com](http://www.visitnorway.com), og elles indirekte på dei viktigaste søkemotorane.

## Reiselivet i Hardanger

Reisemål Hardanger Fjord ønskjer **Eva Van der Tuuk Guidebyrå** gratulerer med 10 års jubileum!

Årets **Hardanger Avis** kjem som avisbilag i BT laurdag 16. april

**Steinstø Fruktgard** har kjøpt båten "Peer Gynt" og startar no passasjertrafikk gjennom Fykkesundet til Botnen.

**Hardanger Hotel** i Odda har installert WLAN og tilbyr trålaust nettverket gratis til sine gjester.

### NYE AKSJEEIGARAR

Vi ynskjer Destinasjon Eidfjord, Eidfjord Fjellfly AS, Norheimsund og Bergen Nordhordland Rutelag, Haus velkomne som nye aksjeeigarar.

## Hedda på tur med Bredførarlaget



I eit og eit halvt år har programledaren Hedda Kise tilbrakt mange timer i ver og

vind med forberedelsar til den nye storsatsinga "Turklar".

TV2 teamet har gjennomført over 40 tv-opptak på ulike aktivitetsturar i Noreg saman med barn og unge i alderen eit til 17 år. Eit av programma er filma frå Folgefonna saman med miljøvernminister Knut Arild Hareide, nevøen Tomas Hareide og Åsmund Bakke ved Folgefonna Bredførarlag.

Programmet vert vist på TV2 den 11. mai

## Hardangerguide distribusjon



Årets Hardanger Guide har hittil i år vorte godt distribuert i både inn- og utland. Totalt 44.000 eksemplar av årets guide har vorte distribuert i form av reiselivsmesser, individuelle førespurnader, utsending til turoperatørar og reisebyrå, utsending og utkøyring til turistinformasjonar, terminalar, bensinstasjonar og andre reiselivsaktørar i Noreg.

I februar sendte me ut tingingsskjema til alle turoperatørar og reisebyrå i vår database, og berre til desse sendte me ut ca 11.000 eksemplar.

Når det gjeld individuelle førespurnader har brorparten av desse til no komme frå Tyskland og Nederland då dette er marknader som er tidleg ute med planlegginga. Desse førespurnadene om guide kjem direkte på e-post, fax eller brev til oss, men ein god del kjem også igjennom eventyrveien.no eller tingingsskuponng frå Fjord Norge guiden. Reisemål Hardanger Fjord er representert i Fjord Norges guide med eiga annonse samt kuponng der ein kan tinga Hardanger Guiden, og denne guiden er på plass på alle store reiselivsmesser verda rundt.

## Melding om vegstenging

Rv7 Kvanndal - Øystese v/Lussandberget vert stengt inntil to timar om gongen på grunn av vegarbeid, måndag - torsdag kl. 07:00 - 20:00. Arbeidet startar måndag 4. april og vil halda på til og med torsdag 28. april.

Opningstider for passering: kl. 08:50, 09:50, 11:50, 13:50, 16:50, 17:50, 19:50

## Eventyrveien status

I samarbeid mellom destinasjonane langs Hallingdalen, Aurland/Flåm/Lærdal og Reismål Hardanger Fjord har me no i nokre år hatt stor suksess med konseptet "Eventyrveien". Reisande skal som regel på rundtur når dei ferierer i Noreg og slike samarbeid på tvers av regionar er difor eit viktig ledd i marknadsføringa.

Eventyrveien vert koordinert av Trond Asle Daltveit som har kontor på Gol, og marknadene me fokuserer på er Noreg, Danmark, Tyskland og Nederland. Den britiske marknaden står også for tur. "Eventyrveien" har no vorte ein merkevare som folk kjenner igjen på dei ulike marknadene, og her følger ein liten status:

- Eventyrveien-brosjyra vert distribuert gjennom ulike magasin (m.a. Motor og Nordis Magazin), gjennom [visitnorway.com](http://visitnorway.com), direkte frå [eventyrveien.no](http://eventyrveien.no), ved publikumsmesser og ved terminalar og turistinformasjonar
- Det vert arrangert felles presseturar gjennom Eventyrveien samarbeidet. I fjor hadde me m.a. fleire danske journalistar på besøk i Hardanger.
- Det er tett samarbeid med Innovasjon Norge på dei respektive marknadene me satsar på, der det er mykje arbeid retta mot både presse og bransje
- Internett: [www.eventyrveien.no](http://www.eventyrveien.no) er no godt innarbeida og er ein av dei portalane i Noreg som generere mest trafikk til [hardangerfjord.com](http://hardangerfjord.com). Me mottek også mange bestillingar av Hardanger Guiden gjennom [eventyrveien.no](http://eventyrveien.no).
- Publikumsmesser. Eventyrveien har eigen stand under Vakantiebeurs og Caravana messene i Nederland der Reismål Hardanger Fjord var aktivt representert, samt Eventyrveien brosjyren vert distribuert ved alle dei store messene i Tyskland.

Dette var ein kort oversikt over nokre av tilaka som vert gjort via

Eventyrveien-samarbeidet, eit samarbeid Reismål Hardanger Fjord er godt nøgd med!



## Merkevarelanseringa nærmar seg

Den store lanseringa av Merkevara Hardanger vert på Lofthus og seminaret *Fruktbar Framtid* 22. april kl 0830 - 10.20. Vi vil presentera resultatet på Reisetur seinare på dagen under *Streif 2005*. 23. april kl 1200 vert merkevara presentert på stands i Kinsarvik, Odda, Jondal, Norheimsund, Granvin, Ulvik og Eidfjord. Her vert det og truleg kulturelt innslag. Seinare skal næringslivet få nærare orientering på sine respektive medlemsmøte.

Merkevarefilmen på 5-7 minutt skal visast som forfilm på alle kinoane i Hardanger, og seinare vil alle husstandar få informasjon gjennom posten.

### Har de flotte bileter?

Kontakt oss informasjon om vår online foto-teneste, der turoperatørar, presse og mange andre lastar ned bileter til bruk i promotering!

De finn fototenesta på:

[www.hardangerfjord.com](http://www.hardangerfjord.com)

## Nyhende og trendar frå internasjonale marknader

Verda er stadig i utvikling der reisemønster og teknologi utviklar seg heile tida. Me ønskjer å ha ein fast spalte i Hardanger Fjord Nytt der me ønskjer å formidle kva som skjer ute på marknaden og kva den etterspør.

Når det gjeld Internett, så veks bruken av dette mediet i eit enormt tempo. Det er spådd at bruken av Internett på verdsbasis vil toppa 1 milliard i løpet av 2005 (945 mill i 2004)! Alle land ser ein sterk auke i antall Internettbrukarar år etter år, men raskast auke er det i land under utvikling: veksten er enorm i Kina, og Kina gjekk forbi Japan i prosentsandel av landets innbyggjarar som nyttar nettet.

I USA har det vore ein eksplosiv vekst i online booking der 70% av alle Internettbrukarar bookar reiser online. Denne marknaden er sjølvsagt ein av dei som har komme lengst innan Internettbruk, og det er stor forskjell mellom land. I Tyskland for eksempel er dei framleis litt skeptiske til å booka og betala via Internett.

Russland er ein av dei "nye" og potensielle marknadene for reiselivs-Noreg, og Reisemål Hardanger Fjord ønskjer å auka satsinga på denne marknaden. Fjord Norge setter også fokus på Russland i sitt nyheitsbrev, og me ønskjer å følge opp dette. Med sterk økonomisk vekst (7% BNP auke pr år) og ein enorm reiselyst (11,6 mill utgåande reiser frå Russland i 2003) er det store potensial for Noreg å auka trafikken frå våre naboar i aust.

Det har ikkje eksistert nokon statistikk over Russiske gjestedøgn i Noreg tidlegare, men frå og med 2005 vil dette verta registert. Men ved å

sjå på auken i Global Refund (Tax-free) og utsteding av visum til Noreg frå Russland kan me heilt klart sjå ein auke av Russiske turistar til Noreg. Totalt utsteda Norske ambassaden og generalkonsulata i Russland ca 30.000 visum i 2004.



Det er også interessant å merka seg den store MIK-marknaden i Russland der over 3 mill reiser

rundt om kring i verda på forretningsreise, og desse brukar milliardar av Euro kvart år! Innovasjon Noreg har satsa i Russland i nokre år no, og kjem til å trappa ytterligare opp frametter. Noreg har vorten oppdaga som destinasjon og interessa frå turoperatørar er stigande, og me kan venta ein auke i Russiske gjestedøgn i 2005.

## Har de nyhende?

Dersom det er nokon som har noko nytt frå Hardanger regionen å melde set me stor pris på å få vita om desse. Det kan vera alt frå ny hytte eller ny restaurant til aktivitetsprodukt i området. Desse nyhendene vil me formidla vidare til rette kanalar som ein del av vårt marknadsføringsarbeid (t.d. Newsletter) - og denne marknadsføringa vil vera gratis for dykk!

Send oss gjerne e-postar om dette i både tide og utide til [info@hardangerfjord.com](mailto:info@hardangerfjord.com), så vurderer me kjem med eller ikkje.

## Utdrag frå artikkel i Vi Menn BIL 15/5



"...Ulvik Fjordpensjonat: Det drives av Anslaug Midtrød fra Fusa og Paul Richards - en tidligere profesjonell soldat fra bilbyen Coventry i England; han forelsket seg i fusajenta og byttet ut "kamo" og telt med kokkeuniform og

hotell. "Pensjonat" lyder litt kjipt i 2005, så stedets eiere skal døpe det om til "hotell". Det vil jo også være mer forståelig for Pauls landsmenn og andre utlendinger.

De to overtok pensjonatet i 2003, og er i full gang med å pusse opp annetasjen, som skal stå ferdig til sommersesongen. Vi har likt personlig service, og det er akkurat hva vi får av den joviale briten, som prater i vei på vestlandsdialekt med sjarmerende aksent.

I begynnelsen hendte det at sjokkerte kunder fikk pengene tilbake fra den selvlærte matmekkeren, men i dag; mmmmm-nam! Etter å sjekket inn på rommet, gyver vi løs på verdens beste gravørret, råbra reinsdyrgryste og hjemmelagede svissekompotter. Sprengmette albuer vi oss på plass i dynene."



## Komande RHF-marknadstiltak


**Hardanger Avis, Bergens Tidende**  
16. april

**Norwegian Travel Workshop, Tromsø**  
18.-20. april

**Fløyen Workshop, Bergen**  
Primo mai

**Work Shop i London**  
8. juni

Her er framsida på årets Hardanger Avis, som kjem som innstikk i BT laurdag 16 april (opplag: 115.000):



ardanger

Reisemål Hardanger Fjord AS, Hardanger Brygge, 5600 Norheimsund

Tel: +47 5655 3870

Fax: +47 5655 3871

info@hardangerfjord.com

[www.hardangerfjord.com](http://www.hardangerfjord.com)